

Styremøte SFSG på Reset torsdag 8. juli kl. 10.00

Desse møtte:

Halvar Espeseth, Leif Brekken, Tom Idar Kvam og Eli Berge Ness

Sak 24/10 Referat og meldingar

- Rovdyrmøte. Luster og Sogndal har hatt fire hundar på kurs i kadaversøk. Dette er dekkja av Fylkesmannen
- Møte med rovviltnemnda om uttak av jerv.
- Bjørnejakt i Lærdal. Dette var ei tragisk sak som likevel viste at her fungerte ting som dei skulle. Lokallag og sankelag har gjort alt rett, og har nok på denne måten klart å unngå at skadane vart verre. Her er mykje kunnskap og kompetanse. V. evnt. angrep i nye område tek Tom Idar med lokallagsleiar og viser til kontaktperson som kan vere rådgjevar.
- Alvelddag Stad. Vellukka dag med 30 frammøtte. Foredrag om to ulike teoriar når det gjeld rome og alveld. Markvandring i rometerreng, såg både rome og mosen som er typisk for "møregeleen". Janne Os og Margrete Garlid demonstrerte bruk av gjetarhund.
- Tilskot frå fylkesmannen til alvelddag.
- Beiteprosjektet. Bjøllene er fordelte og tekne i bruk.
- Infomøte om oppretting av fellingslag.
- Årsmøte i Sogn og Fjordane landbrukssekskap.
- Oppfordre leiar i villsauleget til å halde informasjonsmøte i samarbeid med Mattilsynet og Nortura
- Nettside. Jonny Lofnes tek ein prøveperiode med å ta ansvar for heimesida til SFSG.
- Kjekjøt. Det er oppretta ei arbeidsgruppe som vil sjå på mogelegheitene for kjekjøt. Med i gruppa er Jakob Sætre, Ola Søgnesand, Eva Høydal og Leif Brekken. Dette er ei frittstående gruppe, og dei som er med, er det som privatpersonar og ikkje som styremedlemmer i SFSG.

Sak 25/10 Søknad om økonomisk stønad til geitedagane.

SFSG har motteke søknad frå arrangemendskomiteen for geitedagane om eit tilskot på kroner 6.000.

Vedtak: SFSG løyver kr. 6.000 til dei nasjonale geitedagane. Det er ein føresetnad for løyvinga at Margaret Skåre, som har vore SFSG sin representant i komiteen, får dekkja utgiftene sine av budsjettet til geitedagane.

Sak 26/10 Utsending til geitedagane

SFSG bør vere representerte på geitedagane.

Vedtak: SFSG dekkar reise og opphold for Eva Høydal til geitedagane.

Sak 27/10 Representant til styringsgruppa for Geit i Vekst

Det vil bli endringar i styringsgruppa i Geit i Vekst. Til no har dei tre fylkeskommunane som er med i gruppa hatt ein felles representant. Det same har bondelaga og bonde- og småbrukarlagane. Hordaland ønskjer no å gå inn med eigen representant. Det er organisasjonane/fylkeskommunane som dekkar kostnaden for sine representantar, så dette vil ikkje føre til auka utgifter for prosjektet.

Vedtak: Halvar held fram som SFSG sin representant i styringsgruppa. Det er ønskje om at han held fram som leiar av styringsgruppa.

Sak 28/10 Styremedlem NSG

Leif Brekken har blitt kontakta av valnemnda i NSG og oppfordra til å kome med framlegg til aktuelle kandidatar til styre og nemnder i god tid. Leif lanserte Halvar som kandidat til styret i NSG.

Erling Offerdal har vore med i landsstyret i mange år, men har no gjeve signal om at han ønskjer å trekkje seg. Det vil vere positivt for fylkeslaget å framleis ha ein frå vårt område i styret. Framlegget til ny kandidat er under føresetnad av at Erling trekkjer seg.

Vedtak: SFSG sender melding til NSG om at vi vil lansere Halvar Espeseth som kandidat til landsstyret i NSG.

Sak 29/10 Søknad om ekstra midlar til gjetarhundnemnda

SFSG har motteke søknad frå gjetarhundnemnda v. leiar om ekstra midlar til gjetarhundarbeid. Dei viser til at det har vore eit aktivt år med dommarsamling i Rosendal 18. og 19. mars, der Jan Kåre Ravnøy og Halvor Tenden møtte som dommarlærlingar og Magnus Grimeland som dommar. Det har vore arrangert 6 prøver, og planlagt 4 til.

Prøvene i gjetarhundnemnda må vere sjølvfinansierande. Dei 10.000 gjetarhundnemnda får, bør gå til anna aktivitet. Dei 50 kronene som SFSG skal betale vidare til NSG, må setjast inn på konto. Vi viser til tidlegare vedtak der vi har stilt krav om budsjett og rekneskap.

Vedtak: Saka blir utsett til neste møte. Halvar tek kontakt med Ragnhild snarast, slik at ho går gjennom med Jan Kåre korleis ho ønskjer å få rekneskap og budsjett.

Sak 30/10 Prisar under landsmøtet 2011

NSG oppfordrar fylkeslaga til å kome med framlegg til kandidatar til Lykleprisen og Gromsauprisen.

Vedtak: SFSG sender inn framlegg til kandidatar til begge prisane,

Vi kjem med framlegg om at Lykleprisen skal gå til Nils Leine som fekk i gong Friskare geiter og var første priosjektleiaren der.

Vi kjem vidare med framlegg om at Gromsauprisen skal gå til Dagfinn Kvamme i Lærdal. Grunngeving for kvifor vi meiner Kvamme fortener prisen, vil bli ettersendt seinare.

Sak 31/10 Midlar til rekruttering, kompetanseheving og likestilling

Fylkeskommunen lyser ut 1,6 millionar som skal gå til å auke rekrutteringa, betre likestillinga og heve kompetansen i landbruket. Eli ønskjer fullmakt frå styret til å arbeide med prosjekt der ein kan søkje på desse midlane, gjerne ei vidareføring av samlinga for nye småfehaldarar. Det kan vere aktuelt å kombinere dette med synfaring på driftsbygningar, som det var kome ønskje om frå folk Kjellfrid var i kontakt med gjennom prosjektet framtidssretta sauehald.

Ved gjennomgang av arbeidsplanen tok Halvar og Lars Olav på seg å frå til turen med synfaringar i slutten av august. SFSG bør også samordne evt. planar med fylkesmannen, slik at ein ikkje lagar aktivitetar som konkurrerer.

Vedtak: Halvar tek ansvar for å finne tak i lista som Kjellfrid hadde over dei som var interesserte i å sjå på driftsbygningar. Eli arbeider med ein evt. søknad om midlar.

Sak 32/10 Prosjektsøknad regionalt samarbeidsprosjekt om flått

Bjørn Harald Haugsvær sende ein e-post til Halvar med prosjektskisse av eit regionalt samarbeidsprosjekt om endosymbiontar hos flått. E-posten vart send 25. mai, og det vart bede om tilbakemelding så raskt som mogeleg, då søknadsfristen var 02. juni. Bakgrunnen for prosjektet er at flåttbårne sjukdommar er eit aukande prolem i Norge, særleg på Vestlandet. Rundt 300.000 lam blir smitta av sjodogg årleg. Auken i problemet med flått gjer at bruk av flåttmiddel med kortvarig verknad aukar, og må gjentakast fleire gonger i løpet av ein sesong. Dette medfører fare for resistens, som ein no registrerer i andre land. Pilotstudiet i dette prisjektet vil danne grunnlag for regionalt samarbeid og vidare forskning på biologisk kontroll av flått og flåttinfeksjonar. Dette er forskning som vil byggje på funn og registreringar på sau og vilt.

I søknaden er prosjektet finansiert med 200.000 frå regionale forskningsfond, og 207.900 frå institusjonane. Slik vi les det, er ikkje dette ein søknad om økonomisk støtte frå SFSG. I e-posten frå Fylkesmannen i Rogaland står det at Snorre Stuen er svært positiv til at både Fylkesmennene og småfenæringa i dei tre fylka er oppførte som samarbeidspartnarar inkl. kontaktpersonar.

Vedtak: SFSG ser det som svært positivt at det blir teke tak i denne problemstillinga. Ut frå erfaringane i våre område, ser vi at dette er eit problem som aukar raskt i omfang frå år til år. Vi støttar prosjektet som blir sett i gong, og beklagar at vi er så seint ute med tilbakemelding.

Sak 33/10 Nytt frå avlsutvalet

Audun Nedrebø møtte og informerte om arbeidet i avlsutvalet. I år blir det PC-kåring berre på dei sju største sjåa. På dei andre sjåa må leiande dommar vere ansvarleg for merke m.m. som likke i kåringskassene.

Audun har sendt felles søknad til Mattilsynet om å halde kåringar i fylket.

Det blir møtet for bruksbuskapar i Askvoll og på Sandane.

Sak 34/10 Ymse

- Samrådsmøte med miljøvernminister om rovdyrstiasjonen i Bergen 2. september. Tom Idar deltek.
- Fjelldag i Jølster. Planleggingsmøte i juli. Ole B. Årdal, turleiar, Ragnhild Sæle, Jølster S&G, Lars Olav Vanberg, Breim S&G, Johannes Nedrebø, og Eli Berge Ness, SFSG tek ansvar for turen.
- Gjetarhundnemnda vil gjerne møte på aktivitetar i regi av fylkeslaget.
- Årsmøtereferatet er etterlyst. Eli har purra på det.

Møtet slutt.

Ref. EBN